

Stranda kommune
Øyna 13
6200 STRANDA

Vår dato: 06.04.2021
Vår ref.: 202016053-8
Arkiv: 611
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Herman Lange Johnsen
22959827/herj@nve.no

Høyring av søknad om elektrifisering av fiskeoppdrettsanlegga Urdanaset, Skjortneset, Overåneset og Vindsnes i Stranda og Fjord kommunar

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad frå Hofseth Aqua AS om å leggje 22 kV sjøkablar til Urdanaset, Skjortneset, Overåneset og Vindsnes fiskeoppdrettsanlegg, og å installere transformatorar i oppdrettsanlegga med yting 0,63 MVA og omsetnad 22/0,4 kV. Anlegga ligg i Stranda og Fjord kommunar i Møre og Romsdal fylke.

Høyringsfristen er sett til 30. april 2021.

Søknaden

Hofseth Aqua AS ønskjer å elektrifisere fiskeoppdrettsanlegga Urdanaset, Skjortneset, Overåneset og Vindsnes i Stranda og Fjord kommunar i Møre og Romsdal fylke, vist i kartet under. Dei søker difor om anleggsconsesjon for å byggje, eie og drive 22 kV sjøkablar til dei fire anlegga deira.

Sjøkabelen til Urdanaset oppdrettsanlegg vil bli om lag 3,1 km lang og gå frå Vital Seafoods anlegg i Stranda sentrum til oppdrettsanlegget i Storfjorden. Skjortneset oppdrettsanlegg vil forsynast med ein sjøkabel på om lag 4,8 km frå Fausa kraftverk. Sjøkabelen til Overåneset oppdrettsanlegg vil bli om lag 2,2 km lang og gå frå den nedlagte ferjekaia Overåkaia. Oppdrettsanlegget Vindsnes i Norddalsfjorden vil forsynast med ein om lag 2,4 km lang sjøkabel frå Rusetbugen på nordsida av Norddalsfjorden mellom Valldal og Fjøra sentrum. Hofseth Aqua AS søker òg om konsesjon for ein transformator i kvart anlegg med yting 0,63 MVA og omsetnad 22/0,4 kV.

Ifølgje Hofseth Aqua AS vil elektrifisering av fiskeoppdrettsanlegga vere eit viktig bidrag for å redusere lokal luftforureining, støy og samla klimagassutslepp.

Hofseth Aqua AS søker om konsesjon i medhald av energilova.

Søknaden med er tilgjengeleg på NVE sine nettsider www.nve.no/kraftledninger.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO


Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Kart 1: Oversikt over plassering av fiskeoppdrettsanlegga Urdanaset, Skjortneset, Overåneset og Vindsnes

Høyring av søknaden

Gjennom høyring av konsesjonssøknaden ønskjer vi å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine [internettsider](#).

Skjema for fråsegner kan finnast på våre internettsider. Fråsegner kan òg sendast som e-post til nve@nve.no eller som brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO.

Fråsegner må sendast til NVE **innan 30. april 2021**.

Informasjon til Stranda og Fjord kommunar

NVE ber kommunane leggje ut søknaden/link til NVE si nettside om saka på kommunen sine internettsider og eventuelt facebooksider, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar med fleir om søknaden.

Med helsing

Lisa Vedeld Hammer
seksjonssjef

Herman Lange Johnsen
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Mottakarliste:

Fiskarlaget Vest
Fiskeridirektoratet Region Vest
FJORD KOMMUNE
ISTAD NETT AS
Kystverket Vest
Møre og Romsdal fiskarlag
Møre og Romsdal fylkeskommune
MØRENETT AS
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Norsk Ornitologisk Forening avd. Møre og Romsdal
STATNETT SF
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
STIFTELSEN MUSEUM VEST
STRANDA ENERGI AS
Stranda kommune
TINDRA NETT AS
Ålesund og Suløy fiskarlag